

Vedtekter for Studenttinget på Vestlandet



Dokumentet	Vedtekter
Opprinnelse	ST-1/17
Versjon	3.1
Vedtatt	ST-6/18
Implementert 13.03.2019	Jonas Hagesæther Røthe (AU) Jesper Krusell (AU) Martin Dragland Granum (KK) Benjamin Johan Madsen (KK)

1 Kapittel 1 - Generelle føresegner

2 §1-1 Namn

3 Organisasjonen sitt namn er Studenttinget på Vestlandet, forkorta STVL. I desse vedtekter
4 forståst Studenttinget som Studenttinget på Vestlandet.

5 §1-2 Føremål

6 Studenttinget er det øvste studentorganet ved Høgskulen på Vestlandet (HVL), og er ein
7 partipolitisk uavhengig interesseorganisasjon. Studenttinget jobbar for at studentane ved
8 Høgskulen på Vestlandet skal ha ei god studietid, og skal ivareta studentane sine interesser.
9 Studenttinget skal sikra studentar rett til å påverke og rett til å ta del i avgjersler i saker som
10 gjeld studentane ved Høgskulen på Vestlandet. Dei skal følgja opp initiativ frå studentane, og
11 vera studentane sitt talerøyr lokalt og nasjonalt.

12 §1-3 Definisjonar

13 §1-3.1 Student

14 Med student forståast ein person som er teken opp til eit studieprogram eller emne ved
15 Høgskulen på Vestlandet.

16 §1-3.2 Rollar i Studenttinget:

- 17 (1) Med fast representant i Studenttinget forståast ein student som er valt som representant frå
18 ein region i samsvar med Valreglement for Studenttinget.
- 19 (2) Med vararepresentant i Studenttinget forståast ein student som er valt som avløyser for faste
20 representantar i Studenttinget i samsvar med Valreglement for Studenttinget.
- 21 (3) Med medlem i arbeidsutvalet til Studenttinget forståast ein student som er valt som medlem
22 i arbeidsutvalet av Studenttinget i samsvar med Valreglement for Studenttinget.
- 23 (4) Med kontrollkomité forståast ein komité bestående av tre medlemar og tre varamedlemar,
24 som har i hovudoppgåve å sjå til at møteverksemda vert utført i tråd med gjeldande
25 styringsdokument.

26 §1-3.3 Studenttingsmøte:

- 27 (1) Studenttingsmøte forståast som ei møtande forsamling i tråd med gjeldande føresegner for
28 møte, innkalling og samansetting.

- 29 (2) Med representant i Studenttinget forståast ein student som er valt som fast representant i
30 Studenttinget i samsvar med Valreglement for Studenttinget. Ein vararepresentant som
31 møter som avløysar for ein fast representant, forståast som representant ved det enkelte
32 studenttingsmøtet. Representantane sine rettar på møtet er regulert i vedtektene.
- 33 (3) Vara kan berre avløyse faste representantar frå sin eigen valkrins. Dersom eit campus er
34 representert med mindre enn to representantar på eit møte, skal fortrinnsvis vara frå det
35 gjeldande campuset tre inn som avløysar på det enkelte møtet.
- 36 (4) Med medlem i arbeidsutvalet til Studenttinget forståast ein student som er valt som medlem
37 i arbeidsutvalet av Studenttinget i samsvar med Valreglement for Studenttinget. Rettane til
38 medlemar i arbeidsutvalet er regulert i vedtektene.
- 39 (5) Med møtesekretariat forståast ordstyrar og protokollførar som bistår Studenttinget med
40 gjennomføring av møtet. Møtesekretariatet vert valt under konstitueringa av møtet.
41 Studenttingsmøtet vel sjølv mengd ordstyrarar og protokollførarar for det enkelte
42 studenttingsmøtet. Rettane til møtesekretariatet er regulert i vedtektene.
- 43 (6) Med fast observatør forståast personar som ikkje er ein del av Studenttinget, men som fast
44 mottek innkalling og protokoll frå møta. Studenttinget har følgjande faste observatørar:
- 45 • Faste studentrepresentantar i Høgskulestyret ved Høgskulen på Vestlandet.
 - 46 • Studentar tilknyttet Høgskulen på Vestlandet i Florø og Kristiansund kan sende éin
47 fast observatør fra kvar plass.
 - 48 • Éin studentrepresentant frå styret i Samskipnaden på Vestlandet.
 - 49 • Éin fra Velferdstinget sitt arbeidsutvalg.
- 50
- 51 (7) Med kontrollkomité på studenttingsmøtet forståast ein komité samansett av inntil tre
52 personar som har i hovudoppgåve å sjå til at møteverksemda vert utført i tråd med gjeldande
53 styringsdokument. Rettane til kontrollkomitéen er regulert i vedtektene.

54 §1-3.4 Fleirtalsdefinisjonar:

- 55 (1) Simpelt fleirtal: Fleire av dei representantane som er til stades stemmer for enn mot,
56 avhaldne stemmer tel ikkje.
- 57 (2) Alminneleg fleirtal: Meir enn halvparten av dei representantane som er til stades stemmer
58 for.
- 59 (3) Kvalifisert fleirtal: Minimum to tredjedelar av dei representantane som er til stades stemmer
60 for
- 61 (4) Alle vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal, med mindre anna er bestemt.

62 §1-3.5 Regionar:

63 I desse vedtekter er studentane ved Høgskulen på Vestlandet delt inn tre regionar; campus
64 Sogndal og campus Førde utgjer region Nord, campus Bergen utgjer region Midt, og campus
65 Stord og campus Haugesund utgjer region Sør. Utdanningar i Florø og Kristiansund knytt til
66 Høgskulen på Vestlandet høyrer til region Nord.

67 §1-3.6 Medlemar

68 Alle studentar ved Høgskulen på Vestlandet kan vere medlem i Studenttinget på Vestlandet.
69

70 *§1-3.7 Organisasjonsform*

71 Studenttinget på Vestlandet er eit eige rettssubjekt, og er oppretta etter lov om universiteter
72 og høyskoler § 4-1.

73 **Kapittel 2 - Samansetting og rettar**

74 *§2-1 Samansetting*

75 (1) Studenttinget i sin heilskap er samansett av 20 faste representantar, inntil 32
76 vararepresentantar, eit arbeidsutval beståande av 7 medlemar, og ein kontrollkomité
77 beståande av tre medlemar samt tilhøyrande varaer.

78 (2) Studenttingsmøtet i sin heilskap er samansett av 20 representantar, eit arbeidsutval
79 beståande av 7 medlemar, eit møtesekretariat og ein kontrollkomité.

80 *§2-2 Representantfordeling*

81 Representantar i Studenttinget skal veljast i tre valkrinsar, ein valkrins frå kvar region.
82 Representantar er fordelt etter følgjande nøkkel: 25% frå region Nord, 50% frå region Midt
83 og 25% frå region Sør.

84 *§2-3 Møteplikt og møterett*

85 Faste representantar, arbeidsutvalet til Studenttinget og kontrollkomitéen har møteplikt på
86 alle studenttingsmøter. Faste observatørar har møterett på studenttingsmøtet. Personar
87 med møteplikt og/eller møterett har dei same økonomiske rettane knytt til reisekostnadar.
88 Arbeidsutvalet har fullmakt til å gje øvrige personar møterett til enkelte studenttingsmøte.

89 *§2-4 Røyste-, tale- og forslagsrett*

90 (1) Representantar i Studenttinget har røyste-, tale- og forslagsrett i Studenttinget.
91 Arbeidsutvalet til Studenttinget, møtesekretariatet, vararepresentantar og kontrollkomitéen
92 har tale- og forslagsrett. Studentrepresentantar frå Høgskulestyret vet Høgskulen på
93 Vestlandet har talerett.

94 (2) Innvilga tale- og forslagsrett:

95 Alle som er til stades på møtet har rett til å be om talerett og/eller forslagsrett i enkeltsaker,
96 fleire saker eller til heile møtet. Studenttinget kan innvilga tale- og/eller forslagsrett i
97 enkeltsaker, fleire saker, eller til heile møtet gjennom simpelt fleirtal.

98 *§2-5 Eigarskap*

99 Studenttinget på Vestlandet er sjølv eigande, og ingen kan i kraft av eigarposisjon disponere
100 over dets formue, samt hefte for dets gjeld.

101 **Kapittel 3 - Organ knytt til Studenttinget**

102 *§3-1 Arbeidsutvalet til Studenttinget*

103 (1) Samansetting:

104 Studenttinget skal ha eit arbeidsutval samansett av ein leiar og seks øvrige medlemar. Av dei
105 øvrige medlema skal eitt verte internkonstituert som leiar sin avløyssar. Val til arbeidsutvalet
106 er omtalt i Valreglement for Studenttinget.

- 107 (2) Arbeidsutvalet sitt ansvar:
108 Arbeidsutvalet er det overordna organet mellom studenttingsmøta og skal iverksetja vedtak
109 fatta av Studenttinget. Arbeidsutvalet sitt ansvar er utdjupa i eige mandat for arbeidsutvalet.

110 §3-2 Kontrollkomité

- 111 (1) Samansetting:
112 Studenttinget skal ha ein kontrollkomité. Kontrollkomiteen skal vere samansett av tre
113 medlemmar. Kontrollkomitéen skal ha tilsvarande mange nummererte varamedlemar.
114 Studenttingsmøtet skal velje settevaramedlemar for kontrollkomitéen for eit enkeltmøte ved
115 behov. Val til kontrollkomitéen er omtalt i Valreglement for Studenttinget.
- 116 (2) Ansvar:
117 Kontrollkomitéen si hovudoppgåve er å sikre at studenttingsmøte og møte i arbeidsutvalet
118 vert gjennomført i samsvar med gjeldande styringsdokument. Kontrollkomitéen skal motta
119 sakspapir og protokoll til møte i Studenttinget og arbeidsutvalet. Dersom det oppstår usemje
120 kring tolking av styringsdokument skal kontrollkomitéen si tolking leggjast til grunn.
121 Studenttinget kan overprøva kontrollkomitéen si tolking med kvalifisert fleirtal.

122 §3-3 Innstillingskomité

- 123 (1) Studenttinget skal ha ein innstillingskomité. Innstillingskomitéen si samansetting og deira
124 ansvarsområde er regulert av Valreglement for Studenttinget.

125 §3-4 Tillitsvalt for representantar i Studenttinget.

- 126 Studenttinget skal ha to tillitsvalte av ulikt kjønn blant dei faste representantane. Ansvar til
127 tillitsvalte er regulert i eige mandat.

128 §3-5 Regionråd

- 129 (1) Samansetting:
130 Kvar region skal ha eit Regionråd. Regionrådet består av medlemmar av arbeidsutvalet og
131 representantar tilknytta regionen, valt av Studenttinget.
- 132 (2) Utvida Regionråd:
133 Der det er behov for eit utvida Regionråd skal dette vere sett saman av det ordinære
134 Regionrådet, samt to representantar frå kvart studentråd i regionen. Representantane frå
135 studentråda bør fortrinnsvis være leiar og nestleiar. Representantane frå studentråda utgjer
136 eit innstillingsutval. I forkant av møtet skal medlem frå arbeidsutvalet leie eit møte der
137 innstillingsutvalet skal innstille på saker til møtet i det utvida Regionrådet. Faste
138 representantar i Regionrådet skal gjere vedtak i sjølve møtet.
- 139 (3) Ansvar:
140 Regionråda er underlagt Studenttinget, og skal arbeide lokalt med vedtak fatta i
141 Studenttinget, samt andre lokale saker som gjeld studentane i den aktuelle regionen. Øvrige
142 føresegner knytt til Regionråda er omtalt i eige mandat.

143 §3-6 Eventuelle andre komitear og grupper

- 144 Studenttinget har høve til å opprette andre komitear og grupper ved behov.

145 **Kapittel 4 Møteverksemd**

146 *§4-1 Ordinære møte*

- 147 (1) Studenttingsmøtene vert haldne etter vedteken møteplan på konstituerande møte. Det skal
148 minimum avholdast tre møter i semesteret. Det første møtet etter nyttår er konstituerande
149 møte og skal haldast seinast seks veker inn i det nye året.
- 150 (2) Minstekrav for at eit møte skal vere vedtaksfør
- 151 – Dei tre regionane må vere representert med minst 2 røysteføre representantar.
152 – Minst 2/3 av dei røysteføre må vere til stades.
153 – Kontrollkomitéen må vere til stades med minst 1 representant. Unntatt i saker omtalt i
154 §4-3 (4).
155 – Arbeidsutvalet må vere representert med minst to personar ved møtestart.
- 156 (3) Studenttingsmøte er opne for offentlegheita.
- 157 (4) Studenttingsmøter skal om praktisk mogleg strøymast.

158 *§4-2 Ekstraordinære møte*

- 159 (1) Det kallast inn til ekstraordinære møte dersom meir enn 50% av arbeidsutvalet til
160 Studenttinget, ein samrøysta kontrollkomité eller 25% av dei faste representantane i
161 Studenttinget krev dette. Kravet skal fremjast skriftleg til arbeidsutvalet og kontrollkomitéen.
- 162 (2) Innkalling til ekstraordinære møte skal følgje føresegnene for innkallingar, men treng ikkje
163 følgja vedteken møteplan.
- 164 (3) Ekstraordinært møte kan kun gjere vedtak eller utføre val i den enkelte saka som gjer det
165 naudsynt å kalle inn til møte. Unntaket er møtekonstituering.

166 *§4-3 Lukka møte*

- 167 (1) Studenttinget kan lukke møtet i enkeltsaker med alminneleg fleirtal.
- 168 (2) Mistillitssaker skal handsamast i lukka møte. Saken skal handsamast i eit ope møte dersom
169 personen eller personane det er reist mistillitssak mot samla krev det.
- 170 (3) I saker der møtet er lukka, er det kun representantar som har høve til å delta i møtet. Møtet
171 vel ordstyrar og protokollfører for lukka handsaming.
- 172 (4) I saker som omhandlar mistillit skal personen det er retta mistillit mot, og personen som
173 rettar mistillit, få høve til å avgje forklaring og svare på spørsmål knytt til saka. Anklagande
174 og anklagde part har rett til å vere tilstades under behandlinga av saka.
- 175 (5) Studenttinget kan gje øvrige personar høve til å delta under lukka saker med kvalifisert
176 fleirtal.

177 *§4-4 Innkalling*

- 178 (1) Arbeidsutvalet ved leiar er ansvarleg for å kalle inn til studenttingsmøte etter vedteken
179 møteplan.
- 180 (2) Første innkalling skal sendast ut 2 veker før studenttingsmøtet. Denne skal innehalde
181 førebels sakliste og påmeldingsinformasjon til det aktuelle møtet.
- 182 (3) Andre innkalling skal sendast ut 1 veke før studenttingsmøtet. Sakspapir vert sendt ut saman
183 med andre innkallinga, seinast éi veke før studenttingsmøtet.
- 184 (4) Frist for å sende inn saker som skal innstillast av arbeidsutvalet er 10 dagar før det aktuelle
185 studenttingsmøtet, dette gjeld ikkje resolusjonar og fråsegner. Eventueltsakar kan løftast
186 under handsaming av sakliste på det aktuelle møtet og setjast på saklista med alminneleg

Vedtekter for Studenttinget på Vestlandet

- 187 fleirtal. Det er ikkje høve til å gjere vedtak i eventueltsakar.
- 188 (5) Resolusjonar og fråsegner kan fremjast av personar med forslagsrett, som sak til saklista.
- 189 Resolusjonar og fråsegner treng ikkje innstilling av styret før vedtak. Det vert krevd kvalifisert
- 190 flertall for å handsame resolusjonar og fråsegner som vedtakssaker på det aktuelle
- 191 studenttingsmøtet.
- 192 (6) Arbeidsutvalet skal innstille i alle vedtakssaker. Dette gjeld ikkje ved val og mistillitssaker,
- 193 samt resolusjonar og fråsegner som ikke er sendt styret innan fristen.

194 §4-5 Protokoll

- 195 (1) Det skal førast protokoll for studenttingsmøte. Protokollen er offentleg. Dersom møtet vert
- 196 lukka skal det førast ein B-protokoll for denne saka. Denne er unnateke offentlegheita og
- 197 gjerast kun tilgjengeleg for dei som var tilstades under sakshandsaminga. Studenttinget kan
- 198 offentleggjere denne i etterkant av sakshandsaming med kvalifisert fleirtal.
- 199 (2) Protokollen er ikkje godkjend før minst to protokollunderskrivarar valt under
- 200 møtekonstituering på det aktuelle møtet har skrive under. Dersom protokollen ikkje er
- 201 godkjend innan neste møteinnkalling skal den leggjast fram som eigen vedtakssak i
- 202 påfølgjande møte og godkjennast av Studenttinget.

203 §4-6 Regionråd

- 204 Studenttinget veljer representantar til Regionrådene. Kwart Regionråd melder inn til
- 205 Studenttinget ønsket mengd medlemmar i Regionrådet minst tre uker før valmøtet, kvart
- 206 fjerde år.

207 Kapittel 5 - Styringsdokument

208 §5-1 Vedtekter

- 209 Vedtektene er det overordna styringsdokumentet for Studenttinget og kan ikkje overprøvast
- 210 av Studenttinget. Dersom andre dokument kjem i strid med vedtektene skal føresegnene i
- 211 vedtektene følgjast.

212 §5-2 Prinsippprogram og Handlingsplan

- 213 (1) Studenttinget skal ha eit prinsippprogram som beskriv dei grunnleggjande politiske føringane
- 214 for organisasjonen.
- 215 (2) Prinsippprogrammet vert vedteke av Studenttinget årleg på det konstituerande møtet.
- 216 (3) Studenttinget skal vedta ein handlingsplan på bakgrunn av prinsippprogrammet som beskriv
- 217 dei prioriterte satsingsområda for valperioden. Handlingsplanen skal vedtakast av
- 218 Studenttinget på det konstituerende møtet, og skal ikkje stride med prinsippprogrammet
- 219 (4) Prinsippprogram og handlingsplan vert vedtekne ved alminneleg fleirtal. Prinsippprogram kan
- 220 takast opp til revidering dersom av dei faste representantane krev dette. Handlingsplanen
- 221 vert også handsama på det første møtet i haustsemesteret.

222 §5-3 Samarbeidsavtale

- 223 Arbeidsutvalet til Studenttinget er ansvarleg for at det ligg føre ein samarbeidsavtale mellom
- 224 Høgskulen på Vestlandet og Studenttinget. Studenttinget skal godkjenne forslag til
- 225 samarbeidsavtale før den signerer av leder.

226 *§5-4 Forretningsorden*

227 Studenttinget skal ha ein forretningsorden, som skal utfylle reguleringa av studenttingsmøta.

228 *§5-5 Valreglement*

229 Studenttinget skal ha eit valreglement, som skal utfylle reguleringa av val til Studenttinget og
230 val med Studenttinget som valforsamling.

231 *§5-6 Økonomireglement*

232 Studenttinget skal ha eit økonomireglement, som skal utfylle reguleringa av økonomistyringa
233 til Studenttinget.

234 *§5-7 Mandat for arbeidsutvalet i Studenttinget*

235 Studenttinget skal vedta eit mandat for arbeidsutvalet som beskriv ansvar, plikter og
236 fullmakter for både arbeidsutvalet og medlemane i utvalet.

237 *§5-8 Øvrige styringsdokument*

238 Studenttinget kan vedta øvrige mandat og dokument.

239 *§5-9 Generelle føresegner knytt til styringsdokument*

240 (1) Endring av vedtekter, valreglement, økonomireglement, forretningsorden og mandat for
241 arbeidsutval gjerast ved kvalifisert fleirtal i Studenttinget. Endringa trer i kraft etter at møtet
242 der endringa vert handsama er avslutta, med mindre Studenttinget med kvalifisert fleirtal
243 vedtek at endringa skal tre i kraft på eit anna tidspunkt.

244 (2) Varsling om handsaming av vedtekter, valreglement, økonomireglement, forretningsorden
245 og mandat for arbeidsutval skal meldast representantane i Studenttinget og relevante
246 studentorgan seinast fire veker før handsamande møte. Forslag til endringar må vere komne
247 til arbeidsutvalet seinast tre veker før det handsamande møtet. Arbeidsutvalet kan utarbeide
248 nye forslag heilt fram til forslaga skal sendast ut, med innstilling til Studenttinget ei veke før
249 det handsamande møtet.

250 (3) To medlemar av arbeidsutvalet vert i samråd med minimum to medlemar av
251 kontrollkomitéen gjeve fullmakt til implementering av vedtekne endringar i vedtekter,
252 valreglement, økonomireglement, forretningsorden og mandat for arbeidsutval.

253 *Kapittel 6 - Øvrige føresegner*

254 *§6-1 Økonomi*

255 (1) Økonomien til Studenttinget skal vere regulert i eit budsjett, som handsamast for det
256 komande året innan 1. oktober. Budsjettet kan reviderast ved behov resten av året.

257 (2) Rekneskap for økonomien til Studenttinget skal reviderast gjennom billagsføring av
258 rekneskapsseksjonen ved Høgskulen på Vestlandet.

259 (3) Leiar av arbeidsutvalet og leiar sin avløysar har signaturrett. Kvart medlem i arbeidsutvalet
260 og organisasjonskonsulentar har prokura.

261 (4) Øvrige føresegner for budsjett og rekneskap regulerast i økonomireglement for
262 Studenttinget.

263 §6-2 Val

- 264 (1) Gjennomføring av val:
265 Val til Studenttinget og val der Studenttinget er valforsamling skal utførast i samsvar med
266 Valreglement for Studenttinget.

267 §6-3 Teieplikt

- 268 (1) Dersom ein i samanheng med sakshandsaming får kjennskap til nokon sine personlege
269 forhold eller forretningsforhold som er av konkurransemessig betydning pliktar ein å hindre
270 andre kjennskap til denne informasjonen.
271 (2) Teieplikta gjeld også ettertid, når ein ikkje lenger har tilknytning til Studenttinget. Dette gjeld
272 alle personar som deltek i Studenttinget sine sakshandsamingar.

273 §6-4 Habilitet

- 274 (1) Ein person skal ikkje delta i handsaminga eller avgjersla av spørsmål som har slik særskilt
275 betydning for eigen del, eller for nokon nærstående, at vedkomande må reknast for å ha
276 framtreddande personleg eller økonomisk særinteresse i saka. Å stille til val der ein sjølv har
277 røysterett utløser ikkje inhabilitet
278 (2) Representanten avgjer sjølv om denne er inhabil. Dersom ein part krev det og det kan bli
279 gjort utan vesentleg ulempe, eller representanten sjølv finn grunn til det, skal næraste
280 overordnede avgjere habilitetsspørsmålet.
281 (3) I kollegiale organ treffast avgjerdsla av organet sjølv, uten at vedkommande representant
282 deltek. Dersom det i ein og same sak oppstår spørsmål om inhabilitet for fleire
283 representantar, kan ingen av dei delta ved avgjerdsla av sin eigen eller ein anna representant
284 sin habilitet, med mindre organet elles ikkje ville vore vedtaksdyktig i spørsmålet. I sistnemde
285 tilfelle skal alle møtande representantar i organet delta. Habilitetsspørsmål kan overprøvast
286 av Studenttinget.

287 §6-5 Mistillit

- 288 (1) Studenttinget kan med kvalifisert fleirtal kalle tilbake personar valt av Studenttinget, ved å
289 vedta mistillit mot desse. Den som får vedteke mistillit mot seg fråtrer umiddelbart sitt verv.
290 (2) Mistillitssaker kan løftast av faste representantar og medlemar av arbeidsutvalet. Saka skal
291 opp til handsaming førstkomande ordinære møte, så fram det ikkje kallast inn til
292 ekstraordinært møte for å handsame saka. Arbeidsutvalet er saksansvarleg i saker, så fram
293 mistillitssaka ikkje omhandlar medlemar av arbeidsutvalet. I slike høve skal kontrollkomitéen
294 vere saksansvarleg.
295 (3) Mistillitssaker kan løftast under eit studenttingsmøte og handsamast med umiddelbar
296 verknad. Dette kan berre føreslåst av representantar og medlemar i arbeidsutvalet.